

# **Søknad om medfinansiering til Turveg Crosscut, Åmdals Verk**

Til: Tokke kommune

Frå: Åmdal IL

Dato: 14.10.2025

## **Bakgrunn**

Åmdals Verk er eit historisk og naturvakkert område med røter i gruvedrifta frå 1600- til 1900-talet. I dag er området eit viktig kulturmiljø og friluftsområde, og det pågår utviklingsarbeid for å etablere Crosscut som ein heilskapleg friluftss- og kulturarena. Vest-Telemark museum planlegg samstundes å opne for gjennomgang i gruva, der utgangen kjem ved Crosscut. Dette vil auke ferdsla i området og skape eit meir spanande og heilskapleg tilbod. Det vil og auke behov for ein trygg og universelt utforma turveg tilbake til museumsområdet og parkeringsplassen.

## **Behovet for tiltaket**

Dagens sti- og vegsystem rundt Åmdals Verk er fragmentert, delvis utilgjengeleg og prega av dårleg drenering. Mange parti er våte store delar av året og utilgjengelege for eldre, barnefamiliar og personar med redusert rørsleevne.

Det er eit tydeleg behov for ein universelt utforma turveg som gir alle moglegheit til å oppleve naturen og kulturhistoria i nærområdet. Den planlagde rundløypa på om lag tre kilometer skal binde saman eksisterande ferdselsårer, kulturminne og opplevingspunkt, og vil inngå som ein sentral del av Crosscut-prosjektet.

Tiltaket omfattar grusing av eksisterande tilkomstveg til Crosscut slik at han kan brukast av rullestol og barnevogn, utbetring av drenering og oppbygging av turveg gjennom våte parti, samt etablering av ei elvestrekning der stien blir kombinert med naturstein og støpte eller bygde element. To bruer skal monterast på originale brukar ved Crosscut og Fleshaugen slik at turvegen blir ein samanhengande rundløype.

Tiltaket blir planlagt og gjennomført i tråd med gjeldande forskrifter og i nært samarbeid med kommunen, NVE og grunneigarar. Det blir lagt vekt på skånsam utføring, små maskinar og tilpassing til landskapet.

## **Folkehelse, attraksjonskraft og verdiskaping**

Turveg Crosscut gir først og fremst ein lågterskel nærtur som fleire kan bruke oftare. Når fleire kjem seg ut oftare, aukar den samla fysiske aktiviteten i kvardagen, noko som er blant dei mest kostnadseffektive folkehelsetiltaka ein kommune kan satse på.

Universell utforming og trygg grunnstandard gjer at eldre, barnefamiljar, rullestolbrukarar og nyetablerte turgåarar kan delta på lik line med vane friluftsfolk. Skular og barnehagar får ein robust arena for læring i natur og kultur, og lag og foreiningar kan bruke løypa til aktivitetar og arrangement gjennom året.

Samtidig har tiltaket eit tydeleg potensial for å styrkje attraksjonskrafta i heile Vest-Telemark. Turveg Crosscut koplar seg tematisk og geografisk på Tretoppvegen i Fyresdal og opplevingsaksen på Dalen med Soria Moria, Lårdalsstigen og turen til Rui. Desse tilboda når ulike målgrupper, men har stor overlapp blant menneske som er interesserte i tur, arkitektur, kulturminne og lokalsoge. Når ein kan kombinere låge tersklar som ein lett, historisk rundløype på Åmdals Verk med ikoniske høgdepunkt som Tretoppvegen, ei særegen bade- og arkitekturoppleving ved Soria Moria, og klassiske toppturar som Lårdalsstigen og Rui, blir summen større enn delane kvar for seg. Gjestene kan planleggje fleire korte opplevingar i same region, noko som aukar både reiselysta og lengda på opphaldet.

Denne samverknaden gir konkrete moglegheiter for verdiskaping. På Dalen ligg det godt til rette for auka etterspurnad etter overnatting, servering og handel når pakker som gruvevandring og turveg på Åmdals Verk kan kombinerast med kveldsbad eller sauna ved Soria Moria, ein halvdags tur til Rui eller ei dagsetappe på Lårdalsstigen. Fleire opplevingspunkt innan kort køyre- eller avstand gjer at fleire vel å bli ei ekstra natt, noko som i neste omgang aukar omsetninga for hotell, pensjonat, campingplassar, kafear, restaurantar og lokale butikkar. For reiselivsaktørar opnar det for nye produkt som guida kultur- og naturturar, tematiske vandringar med matservering, enkle leigetenester og transportløyisingar. For museums- og kultursektoren aukar publikumstilfanget og sjansen for gjentakande besøk når gjestene finn fleire grunnar til å kome attende.

Turveg Crosscut bidreg også til betre besøksforvalting. Eit robust og tydeleg leda tilbod ved Åmdals Verk fordeler ferdsla over fleire trasear og årstider og tek av trykket frå meir sårbare parti. Samstundes gjer universell utforming at ein større del av befolkninga får del i natur- og kulturverdiane, noko som styrkjer lokalt eigarskap og vilje til frivillig innsats.

Turveg Crosscut er eit samarbeidstiltak mellom 59 grader nord, Åmdal IL, Åmdals Verk gruver, Vest-Telemark museum og Tokke kommune og alle organisasjonane har representantar i styringsgruppa.

## Budsjett- og finansierungsplan

### Budsjett

| Utgiftspost                                                        | Sum              |
|--------------------------------------------------------------------|------------------|
| Turveg Crosscut (grus) 1 km (1000m x 700 kr)                       | 700 000          |
| Turveg/ferdselsveg i elvekanten, 400 m, stål/stein (400m x 5000kr) | 2 000 000        |
| Bru Crosscut og bru Fleshaugen (Rennebubjelken)                    | 1 000 000        |
| Grusvegnett koblingar, ca                                          | 300 000          |
| Skilting og merking                                                | 200 000          |
| <b>Totalt</b>                                                      | <b>4 200 000</b> |

### Finansierungsplan

| Finansierungs kjelde          | Status                    | Beløp            |
|-------------------------------|---------------------------|------------------|
| Spelemidlar (turveg og bruer) | Ikkje søkt                | 2 000 000        |
| Sparebankstiftingar           | Ikkje søkt                | 500 000          |
| Friluftsrådenes landsforbund  | Prekvalifisering godkjent | 1 500 000        |
| Tokke kommune                 | Søknad om medfinansierung | 200 000          |
| <b>Totalt</b>                 |                           | <b>4 200 000</b> |

Denne søknaden går spesifikt på medfinansierung i høve spelemiddelsøknaden Åmdal IL sender via Tokke kommune i januar 2026. Vi håpar at kommunen vil sjå positivt på denne og eventuelt seinare søknadar frå oss eller nokon av dei andre samarbeidspartane i prosjektet, når det gjeld finansierung av andre planlagde tiltak knytt til utviklinga av Crosscut-området.

Med venleg helsing

Åmdal IL